

Saksbehandlar: Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 15/12750-39

Eigarrepresentant - F1 Holding AS

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet vel slik eigarrepresentant til F1 Holding AS for resten av valperioden:

Utsending:

Varautsending:

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:
FT-sak 29/16

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn for saka

Bakgrunnen for saka er at FT har bede FU vurdere om fylkesordføraren bør veljast som eigarrepresentant i F1 Holding AS, sjå FT-sak 29/16.

Fylkesordføraren var opphavleg vald som eigarutsending til F1 Holding AS for førre valperiode (2011-2015), men i møte 28.01.15, sak 7/15, peika fylkesutvalet ut fylkesrådmannen som eigarrepresentant for resten av valperioden. Bakgrunnen var at styret i F1 Holding AS ved vedtak av 24.11.14 bad FU velje fylkesrådmannen som eigarutsending til selskapet. Styret i F1 Holding AS ønskte at selskapet skulle ha ein enklare konstruksjon, m.a. som ei oppfølging av habilitetsutfordringane dåverande ordning innebar for dei av fylkestingsrepresentantane som hadde roller i selskapet.

For valperioden 2015 – 2019 valde fylkesutvalet også fylkesrådmannen som eigarrepresentant i F1 Holding AS, jf. sak 109/15.

Ved handsaminga av sak 29/16 «Selskapskontroll 2016 – Eigarskapskontroll Fjord1» vurderte FT fylkeskommunen si eigarutøving i høve Fjord1 AS, mellom anna den reelle utøvinga av eigarskap og kommunikasjonen mellom fylkeskommunen, F1 Holding AS og Fjord1 AS. Angående eigarrepresentant i F1 Holding AS gjorde FT m.a. slikt vedtak:

«Fylkestinget meiner at den reelle utøvinga av eigarskap og kommunikasjon mellom fylkeskommunen, F1 Holding AS og Fjord1 AS ikkje er i samsvar med den vedtekne organiseringa, og ber fylkesutvalet vurdere om fylkesordføraren bør veljast som eigarrepresentant i F1 Holding AS. ...»

Fylkeskommunen sine retningsliner for eigarutøving

Fylkeskommunen sine retningslinjer for eigarutøving går fram av eigarmeldinga (EM) som vert vedteken i FT kvar haust.

Eigarrepresentanten opptrer som eigar på fylkeskommunen sine vegner overfor det enkelte selskap, og utøver fylkeskommunen sine interesser i selskapet. Utøvinga av eigarstyring skal reflektere fleirtalet i FT. Eigarrepresentanten rapporterer attende til fylkeskommunen etter generalforsamling, og ber om instruks frå FU i forkant av eigarmøte når dette er naturleg. For meir informasjon om eigarrepresentanten sitt ansvar, syner fylkesrådmannen til EM punkt 2.4 og 3.8.

FU vel eigarutsettingane til selskap der fylkeskommunen sin eigarpost, som i dette tilfellet, er minst 100 000 kr, jf. delegeringsreglementet punkt 4.1. For aksjeselskap og interkommunale selskap er den tilrådde løysinga at FU i hovudsak peikar ut medlemmar av fylkestinget som eigarrepresentantar, sjå EM punkt 2.4. Av eigarmeldinga går det vidare fram at:

«fylkesutvalet sin praksis er at fylkesordførar og dernest fylkesvaraordførar vert vald som eigarutsetting i selskap der fylkesutvalet meiner det er naudsynt at politisk leiar deltek. Elles er det praksis at andre folkevalde vert vald som eigarutsetting. Andre enn fylkestingmedlemmar er også valde som eigarutsettingar. Praksis har vore at nokon frå fylkeskommunen sin administrasjon i enkelte tilfelle vert valt som eigarutsetting. I andre tilfelle er andre kompetansepersonar med tilknytning til fylkeskommunen valt som utsetting på vegne av fylkestinget.»

Konklusjon

På bakgrunn av FT sitt vedtak i sak 29/16 reknar fylkesrådmannen med at FU vel fylkesordføraren som eigarrepresentant i F1 Holding AS for resten av valperioden 2016-2019. Fylkesrådmannen har ingen innvendingar mot at fylkesordføraren overtek rolla som eigarrepresentant i selskapet.